



DEN NORSKE KYRKJA
Ungdommens kyrkjemøte 2015



Mer himmel på jorda

Protokoll fra

Ungdommens kirkemøte 2015

Bodø, 2.-6.oktober 2015



Sakliste Ungdommens kyrkjemøte 2015

UKM 01/15 «Konstituering og forretningsorden»

UKM 02/15 «Orienteringssaker»

- Utval for ungdomsspørsmål
- Orientering frå organisasjonane og ungdomsråda i bispedømme
- Rapport frå Kyrkjemøtedelegatane

UKM 03/15 «Val av delegatar til Ufung og Kyrkjemøtet 2016»

UKM 04/15 «Kalt til å kalle»

UKM 05/15 «Religionsdialog»

UKM 06/15 «Ungdomsdiakoni»

UKM 07/15 «Å dele tro blant ungdom»

UKM 08/15 «Søndag er gudstjenestedag»

UKM 09/15 «Hovudtema som skal førebuast til UKM 2016»

Resolusjon om flyktninger

Disse var med på UKM 2015

INNLEDNING

Ungdommens kirkemøte (UKM) 2015 ble arrangert i Bodø, på Thon hotell Nordlys 2. til 6.oktober. Hovedtemaet for årets UKM var Mer himmel på jorda.

Først og fremst ble temaet belyst gjennom valg av saker som ble tatt ut fra Den norske kirkes visjonsdokument. Det ble også holdt et seminar ved Paul Erik Wirgenes med samme tema.

Bibeltimene ble holdt av biskop Tor B. Jørgensen og idun Strøm sefland – prest og medlem i Utvalg for ungdomsspørsmål.

UKM har utviklet seg til å bli et viktig møtepunkt og inspirasjonssted for engasjerte ungdom i Den norske kirke. UKM 2015 har som helhet vært et spennende møte, med intens og god komitéjobbing, flott sosialt miljø og aktive plenumssamlinger. Delegationene imponerte også i år med kunnskap og frimodighet til å tale og debattere. (Godteskåla måtte fylles opp flere ganger...) Det var sentrale og viktige saker som ble tatt opp, og debattene bar preg av sterkt engasjement. Den foreliggende protokollen peker på mye som er av avgjørende betydning for Den norske kirke og for enkeltmennesker.

På møtet var også ungdomsrådgivere fra 9 bispedømmer, Samisk kirkeråd og Kirkerådet. De hadde samlinger underveis i møtet og fikk delt erfaringer rundt arbeidet med ungdom og ungdomsdemokrati i sine bispedømmer.

Takk til alle medarbeidere! Og spesielt takk til Sør-Hålogaland bispedømme for god tilrettelegging av gudstjenester i Domkirken og Hunstad kirke, og en flott utflukt til Kjerringøy med god mat og et inspirerende foredrag om *Ungdom i svevet* ved Catrine Torbjørnsen Halås.

Takk til alle delegatene! Sammen opplevde vi mer himmel på jorda!

Hilsen Utvalg for ungdomsspørsmål

UKM 01/15

Konstituering, statuttar og forretningsorden for UKM 2015

Ungdommens kyrkjemøte har både *statuttar* og *forretningsorden*. Ved å skilje mellom statuttar, som Kyrkjerådet har vedteke, og forretningsorden fastsett av UKM, er det Kyrkjerådet som vedtek dei grunnleggjande reglane og rammene for UKM, medan UKM sjølv har ansvar for praktisk gjennomføring av møtet.

Statuttar for UKM

1. Ungdommens kyrkjemøte arrangeras av sekretariatet i Kyrkjerådet. Utval for ungdomsspørsmål er med i førebuingar og gjennomføring av Ungdommens kyrkjemøte.
2. Ungdommens kyrkjemøte skal utføre sitt arbeid i lojalitet mot den evangelisk-lutherske læra.
3. Saker til Ungdommens kyrkjemøte må meldast til sekretariatet i Kyrkjerådet seinast 14 veker før møtet.
4. Ungdommens kyrkjemøte behandlar og uttalar seg i saker som angår Den norske kyrkje nasjonalt og internasjonalt. Ungdommens kyrkjemøte har rett til å melde saker til behandling på Kyrkjemøtet.
5. Ungdommens kyrkjemøte vel 4 representantar med tale- og forslagsrett til å delta på Kyrkjemøtet.
6. Delegatar til Ungdommens kyrkjemøte:
 - 6.1. Ungdommens kyrkjemøte består av to utsendingar frå kvar av bispedømme i Den norske kyrkja, ein samisk utsending frå kvar av dei tre nordlegaste bispedømme, ein utsending frå Døvekyrkja i Oslo bispedømme, ein utsending frå kvar av dei organisasjonane som driv ungdomsarbeid knytt til Den norske kyrkja, medlemmer av Utval for ungdomsspørsmål og dei medlemmer av Bispedømmeråda, Kyrkjerådet, Samisk kyrkjeråd og Mellomkyrkjeleg råd, som er under 30 år. Dei fire representantene som vart valde til Kyrkjemøtet foregåande år vert inviterte til det påfølgjande UKM med møte-, tale-, forslag- og røysterett.
 - 6.2: Utsendingane frå bispedømme blir valde av og blant Ungdomsråda i bispedømme, som igjen må vere valde på Ungdomstinget i bispedømmet. Sekretariatet i Kyrkjerådet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå dette.
 - 6.3. Utsendingane frå organisasjonane blir nemte opp av landsstyre til organisasjonen eller liknande. Sekretariatet i Kyrkjerådet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå dette.
7. Observatørar på Ungdommens kyrkjemøte:

Døvekyrkja og organisasjonane kan sende ein observatør i tillegg til delegaten. Denne har tale- og forslagsrett. Kostnadene for opphald vert dekt av sende-eininga. Feltprestkorpset inviterast til å sende ein observatør. Denne observatøren må være medlem av Den norske kyrkja.
8. Ungdommens kyrkjemøte vedtek sjølv nærmare reglar og forretningsorden for gjennomføringa av Ungdommens kyrkjemøte.



Forslag til forretningsorden for Ungdommens kyrkjemøte 2015

Plenumsarbeid

1. Ungdommens kyrkjemøte arbeider gjennom plenumssamlingar og komitear.
2. Møtet blir leidd av tre dirigentar. Dei treng ikkje vere blant delegatane. Møteleiinga har plikt til å leie forhandlingane i tråd med dei reglane som til kvar tid gjeld for Ungdommens kyrkjemøte og vanleg møteskikk.
3. Når møtet begynner, skal det veljast eit teljekorps og referentar som under møtet rettar seg etter tilvising frå møteleiinga.
4. Når møtet begynner, skal det veljast valkomité. Det veljast ein person frå Utval for Ungdomsspørsmål (Ufung) og to av delegatane.
5. Delegatane teiknar seg til innlegg ved handsopprekking. Det er høve til å ha inntil to korte replikkar og ein svarreplik til kvart innlegg.
6. Møteleiinga skal, når det er påkravd, regulere taletid og høve til replikk. Når møteleiinga ønskjer å setje strek, skal ein kunne teikne seg under innlegget til den neste talaren.
7. Den som teiknar seg til forretningsordenen, dagsordenen, voteringsordenen eller for saksopplysning, skal få ordet like etter siste talar. Forslag om å avbryte ei sak, oppheve at strek er sett eller gå direkte til røysting, skal takast direkte opp til votering.
8. I saker der det skal gjerast vedtak, skal behandlinga i hovudsaka skje både i komitear og plenumssamlingar. Ei sak går først til behandling i ein komité, som diskuterer seg fram til ei felles fråsegn som skal leggjast fram for møtet i plenum. Ei sak kan behandlast fleire gonger i plenum eller komité. Dersom ein komité kjem med ei delt innstilling, skal innstillinga frå både fleirtalet og mindretalet leggjast fram for plenumssamlinga. Saker kan òg behandlast direkte i plenum.
9. Delegatane har fram møteplikt til alle komité- og plenumssamlingar. Fråvær skal godkjennast av komitéleiaren eller dirigentskapet etter skriftleg søknad.
10. Ungdommens kyrkjemøte kan gi gjester og andre inviterte talerett. Ein representant for Metodistkirkens Ungdomsforbund blir invitert til å delta på Ungdommens kyrkjemøte, også komitémøta, med møte- og talerett.

Komitéarbeid

11. Sekretariatet i kyrkjerådet set saman komiteane og nemner opp ein leiar for kvar komité. Leiaren har ansvar for å koordinere arbeidet i komiteen.
12. Kvar komité skal ha nødvendig sekretærhjelp.
13. Komiteen vel den arbeidsforma og organiseringa som ein finn mest tenleg, for eksempel skiping av underkomitear.
14. For at ein komité skal vere vedtaksfør, må 2/3 av medlemmene vere til stades.
15. Komiteen presenterer innstillinga si ved byrjinga av behandlinga av den saka komiteen har hatt til behandling. Dersom komiteen leverer ei delt innstilling, skal mindretalet også få presentere synet sitt. Fleirtalet og mindretalet skal ha like lang taletid.

Røystingar og val

16. Før ein går til votering, gjer møteleiinga greie for voteringsordenen. Møteleiinga avgjer voteringsordenen i samsvar med god møteskikk, slik at forslag blir tekne opp til votering i logisk rekkjefølgje.
17. Røysting skal gjennomførast ved at det blir vist røysteteikn eller ved skriftleg røysting. Det kan berre røystast ved personleg fram møte. Vedtak skal ha alminneleg fleirtal. Ved val er det møteleiinga som fastsett voteringsordenen. Delegatar til Ungdommens kyrkjemøte har røysteplikt. UKM kan vedta å fråvike dette prinsippet i enkeltsaker. Delegatar frå organisasjonane kan avstå frå røysting der organisasjonen har fatta eit vedtak som gjer at røysting er vanskeleg.



18. Ungdommens kyrkjemøte sender fire representantar med tale- og forlagsrett til å delta på Kyrkjemøtet. Tre representantar blir valde av Ungdommens kyrkjemøte, og éin representant blir utnemnd av Utval for ungdomsspørsmål.

Anna

19. Kyrkjerådetssekretariatet får fullmakt til å rette skrivefeil og til å gjere redaksjonelle endringar i protokollen.

Vedtak:

- UKM valde følgjande personar til dirigentskapet for UKM:
Petter Rønneberg, Einar Østerhagen, Marit Stave
- UKM valde følgjande personar til referentar for UKM:
Inger Bore, Christfried Kaul
- UKM valde følgjande personar til valkomité for UKM:
Anne Lise Brenna Ording, Kevin Tårnås, Frøydis Ingjerdingen
- Rådgjevarane er teljekorps
- UKM godkjenner forslag til forretningsordenen for UKM 2015.
- Anne Lise Brenna ording foreslo å lage ein resolusjon om flyktningar i naud. Ho ville lage noko skriftlig på dette slik at UKM kan kome tilbake til dette.

UKM 02/15 Orienteringssaker

Det blei orientert munnleg om desse sakene:

1. Arbeidet med «Ung i kyrkja» i Kyrkjerådet og Utval for ungdomsspørsmål (Ufung).

Leiar for Utval for ungdomsspørsmål, Frøydis Indgjerdingen, orienterte om arbeidet med Ung i kyrkja i regi av dei sentralkyrkjelege råda sidan førre Ungdommens kyrkjemøte.

2. Rapport frå UKM-delegatane som tok del på Kyrkjemøtet 2015.

Orienteringa blei gitt av Einar Østerhagen, Sondre Karstad og May Bente Anita Botnvik.

3. Rapport frå arbeidet i ungdomsråda og ungdomstinga i bispedømme, og frå organisasjonane.

Delegatane frå kvart bispedømme og kvar organisasjon orienterte om arbeidet i bispedømmet/organisasjonen.

UKM 03/15 Val

Ungdommens kyrkjemøte gjennomførte to val under UKM.

1. Val av tre representantar til Kyrkjemøtet i 2016

Kyrkjemøtet er det øvste representative organet i kyrkja og blir av somme kalla kyrkjas «Storting». UKM sender fire representantar til å delta på Kyrkjemøtet 6.–12.april 2016 i Trondheim. UKM delegatane møtast dagen før Kyrkjemøtet startar. Ein av desse fire representantane skal, i samsvar med UKMs forretningsorden, nemnast ut av Utval for ungdomsspørsmål. Dei tre andre skal veljast av UKM.

Desse blei valde til å representere UKM på kyrkjemøtet 2016:

Einar Østerhagen (23) Hamar
Nora Antonsen (17 år) Nord-Hålogaland
May Bente Anita Jønsson Botnvik (26) Saemien Åålmege
(Samisk menighet)

Vara:

Anne May Aarvik Agerup (21) Tunsberg
Fredrik Rafteseth (18) Møre
Hanna Bekkelund (17) Oslo
Thomas delbekk (17) Møre
Elisabeth Louise Mosserud Sæther (17) Borg



2. Val av to representantar til Utval for ungdomsspørsmål

Utval for ungdomsspørsmål (Ufung) er eit rådgivande organ for sekretariatet i Kyrkjerådet og spesielt for ungdomsrådgivaren i Kyrkjerådet. Ufung skal arbeide med saker som vedkjem ungdom i Den norske kyrkja nasjonalt og internasjonalt, og har eit spesielt ansvar i planlegginga og gjennomføringa av Ungdommens kyrkjemøtet.

Desse blei valde for 2016-2017:

Jørgen Johnsen (20)
Anne Lise Brenna Ording (28)

Vara:

Marit Stave (28) 1. vara
Ola Sørensen (19) 2.vara



På biletet: Anne Lise og Jørgen saman med Frøydis Indgjerdningen og Espen Holm som blei valde til Ufung i 2014.



UKM 04/15 Kalt til å kalle

Bibelen er full av kallshistorier. Fra Adam i 1.Mosebok, via kallelsen av Moses og profetene, kallet til Maria og til Jesu kall til disiplene. Siden kirken ble grunnlagt har mennesker blitt kalt til etterfølgelse og til å dele evangeliet. Noen har blitt kalt til heltidstjeneste og arbeid i kirken. Det er i Den norske kirke behov for mennesker som tar utdanning for å fylle stillinger som diakoner, kateketer, kantorer/kirkemusikere og prester. Å rekruttere personer til å ta kirkelig utdanning og til å arbeide i kirken, er en viktig oppgave for alle nivå i kirken.

Det utdannes for få til det kirkelige arbeidsmarkedet i forhold til de som går av for aldersgrense, eller av andre årsaker forlater et kirkelig yrke. UKM i 2011 utfordret hele kirkelandskapet til handling. UKM 2015 viser til sak 08/11 og støtter dette. Noe av det som var vektlagt var at rekruttering er et helhetskirkelig ansvar. Dette skjer gjennom relasjonsbygging og ofte gjennom direkte utfordringer. Barn og unges deltakelse i menighetsarbeid, og gjennom dette få erfaring og ansvar, er rekrutterende. UKM 2015 utfordrer alle som var mottakere av disse utfordringene til fortsatt å jobbe med momentene. Rekruttering er alltid viktig.

Gud som kaller ber oss om å kalle

Gud kaller mennesker til tjeneste. Dette gjelder uansett hvor vi bor og hvilket yrke vi har. Nådegaver og evner er ulike, men sammen bygger vi Guds kirke på jord. Noen er kalt til å være ansatte og til å ta en kirkelig utdanning og andre er kalt til å være frivillige. For mange er det å jobbe i kirken både en arbeidsplass og en tjeneste. Alle kan være med å be om at mennesker skal bli kalt. Og mange kan utfordre unge mennesker til å ta en kirkelig utdanning eller til å arbeide i kirken.

Informasjon og kunnskap om å jobbe i kirken

Hva skal til for at unge velger kirken som arbeidsplass? Mange har liten kunnskap om det kirkelige arbeidsmarkedet. Det er viktig med god informasjon, både av mulige utdanninger og av karriereveier. Denne må finnes der unge søker informasjon om yrkesvalg. Det betyr at utdanningsmesser, yrkesdager, tilstedeværelse på festivaler og stevner må prioriteres.

Ansatte i kirken må anbefale kirken som arbeidsplass. Det oppfordres til å finne godt samarbeid mellom utdanningsinstitusjonene, barne – og ungdomsorganisasjonene og Den norske kirke om rekrutteringsarenaer og informasjonskanaler.

Kirkerådet har startet en prosess for å jobbe med målrettede kampanjer, omdømmebygging og markedsføring av kirken som arbeidsplass. Et hefte om rekruttering skal være bilag i avisen Vårt Land våren 2016. Dette skal trykkes opp i et ekstraopplag som kan spres på ulike festivaler, konferanser og andre steder som er aktuelle. Dette vil også være tilgjengelig for menigheter og andre til bruk i deres rekrutteringsarbeid.

Ordforklaringer:

Ordforklaringer:

Forklaring om kall

Luthers lære om kallet er læren om hvordan Gud kaller mennesker til ulike oppgaver og roller i familie, samfunn og menighet.

Rekruttering betyr å skape tilgang, tilvekst eller fornyelse i en organisasjon eller en virksomhet.



Utdanningsinstitusjonene sprer informasjon og har stand om sine studietilbud mange steder. De utfordres til å være til stede på flere arenaer enn de allerede er i dag.

Ansatte er kirkenes ansikt utad. Unge som skal velge utdanning og yrke må vite hvilke muligheter som finnes i kirken. Ansatte må fortelle hvorfor de selv valgte å ta kirkelig utdanning og en karriere der. De gode samtalene og fortellingene kan være med og gi nysgjerrighet og lyst til å se om en kirkelig utdanning kan være aktuelt.

Rådsarbeid engasjerer mange unge. Kunnskap om og erfaring med menighetsråd, ungdomsråd og annet rådsarbeid i menigheter og organisasjoner, øker kunnskap om kirken og kirkens oppgaver. Engasjerte unge med råds erfaring bør utfordres til kirkelig utdanning. Ungdomsråd oppfordres til å søke etter og å ta imot informasjon fra aktuelle studiesteder.

Kirken kan være et egnet sted å ha arbeidspraksis. Når elever skal ha arbeidsuker, for å lære om ulike yrker og arbeidsliv, bør menigheter invitere elever til å være med kirketjeneren, kateketen, presten, diakonen, kirkemusikeren osv. Menigheter kan også tilby elever å ha Operasjons dagsverk hos dem. Det vil gi erfaring fra denne delen av arbeidslivet.

Lønn og arbeidsforhold

Lønn og utdanning må henge sammen. Det er viktig i valg av utdanning og yrke at dette står i forhold til hverandre. Et kontinuerlig og godt arbeid med lønn, arbeidsvilkår og arbeidsoppgaver er med og fremmer rekruttering. De som tar kirkelig utdanning vil ha et attraktivt arbeidsmarked. Kirken trenger ansatte til menighetsarbeid, undervisningsarbeid, kulturarbeid, sosialt arbeid og en rekke andre oppgaver.

Hvordan utfordre, kalle og rekruttere mennesker til å jobbe i kirken?

Rekruttering gjennom barne - ungdomsarbeid

I barne- og ungdomsarbeidet er det viktig å bygge gode relasjoner. Det er ikke først og fremst et sted for rekruttering, men et sted hvor tro erfares og praktiseres. Vi ser likevel at ansatte i kraft av sin tjeneste har et kall til å kalle andre. Barn og unge treffer enten en diakon, kateket, kirkemusiker, prest, trosopplæringsansatt eller ungdomsarbeider når de deltar i menighetens arbeid.

Mange begynner allerede i konfirmanntiden å bestemme seg for utdanning og yrkesvalg. Å gi konfirmanter erfaringer gjennom ansvar og oppgaver, og å snakke om verdibasert utdanning og meningsfylte arbeidsplasser, kan være viktig i denne tiden. Hva med å utfordre konfirmanter til å bli konfirmantledere gjennom enkeltsamtaler? Da er det lettere å være ærlig uten press fra andre. For å rekruttere ungdommer til tjeneste må de vite at noen tror på dem og utfordrer dem til praksis. UKM 2015 vil utfordre ansatte og frivillige i kirken og barne – og ungdomsorganisasjonene til å være mer direkte i sin utfordring til unge om å jobbe i kirken. Mange som har tatt kirkelig utdanning forteller at grunnen til at de valgte dette var en direkte utfordring. Regelmessige aktiviteter og ledertrening er avgjørende for fremtidens rekruttering. For noen kan det å slippe til i kirkelige funksjoner vise hva dette innebærer. Erfaring gjennom praksis, enten å holde andakt, spille piano/orgel eller å være aktivt med i noe av menighetens arbeid, kan være avgjørende for senere valg.



Ansatte oppfordres til å være talentspeidere og oppfordre unge til lederutvikling, enten gjennom en av organisasjonene eller menigheten. Barne – og ungdomsorganisasjonene møter gjennom sitt arbeid mange aktuelle kandidater. Når det gjelder samlende kampanjer, omdømmebygging og informasjon er det viktig å legge til rette for godt samarbeid mellom alle som møter barn og unge i kirke og organisasjoner.

Rekruttering av de som er innom på et kirkelig studiested.

Flere av utdanningsinstitusjonene tilbyr årsenheter. Studenter som er innom disse bør få informasjon og innblikk i de ulike yrkesgruppene og mulighetene. Utdanningsinstitusjonene utfordres til samtaler, samlinger og informasjon med studenter som går på institusjonen.

Fra student til jobb i kirken.

Mange som tar kirkelig utdanning begynner ikke å jobbe i kirken. Informasjon om hva som ligger i de ulike studieløpene, og at det er store muligheter for å få jobb etterpå, må vektlegges. Det er ønskelig med tettere oppfølging gjennom studiet, så opprettelse av «Veien til vigslet tjeneste» vil ivareta dette anliggende for de ulike profesjonsutdanningene. Utdanningsinstitusjonene utfordres til å knytte studentene til en menighet i studietiden. Gjennom dette får de både praksis og erfaring. En mentorordning kan sikre at flere får erfaring av hva menighetsarbeid innebærer.

UKM 2015 utfordrer

- **alle nivå i kirken** til å synliggjøre og alminneliggjøre kirkelige stillinger og å prioritere rekrutteringsarbeidet. Samisk kirkeliv og døvekirken har også behov for rekruttering.
- **alle som jobber med rekruttering** til å ha godt samarbeid slik at det finnes lett tilgjengelig informasjon om kirkelig utdanning. Dette gjelder utdanningsinstitusjonene, barne – og ungdomsorganisasjonene og alle nivå i Den norske kirke.
- **kirkelig ansatte** til å være rekrutteringsagenter. Talentjakt av aktuelle kandidater til kirkelig utdanning og personlig kontakt med unge, som utfordres til kall og tjeneste, må prioriteres.
-til å være mer direkte i sin utfordring til unge om å jobbe i kirken.
- **menigheter** til å la barn og unge være aktive i ulike oppgaver i gudstjenesten, ha lederoppgaver og til å sitte i styrer og utvalg.
-til å legge til rette for arbeidserfaring gjennom arbeidsuker og praksis av elever/studenter.
-til å sende unge på ungdomsting og andre samlinger som gir inspirasjon og rådserfaring.
- **ungdomsråd/ungdomsting** til å sette opp rekruttering i sitt strategiarbeid.
-til aktivt å jobbe med rekruttering og innhente informasjon om kirkelig utdanning og arbeidsmarked.
- til å invitere utdanningsinstitusjonene til å delta på ungdomsting.

Veien til vigsla

Veien til vigsla tjeneste:

Veien til Prestetjeneste (VTP) er et program som er tilrettelagt for teologistudenter som planlegger å gå ut i prestetjeneste.

Programmet løper parallelt med teologistudiet og har til hensikt å forberede studentene til ordinasjon og tjeneste som prest.

På Kirkemøtet 2015 ble Bispemøtet oppfordret til å etablere et program for studenter som tar utdanning til diakon, kantor og kateket, kalt «Veien til vigslet tjenestes».



- **bispedømmerådet** til å
 - arbeide godt med ungdomsdemoratiet
 - arbeide med langsiktig strategi for rekruttering gjennom godt samarbeid med barne - og ungdomsorganisasjonene.
- **biskopene** til å legge til rette for at alle som tar kirkelig utdanning for å bli diakon, kateket, kantor eller prest får god oppfølging gjennom at det opprettes «Veien til vigslet tjeneste».
- **barne - og ungdomsorganisasjonene** til å arbeide strategisk med rekruttering til kirkelig tjeneste og til å være talentspeidere inn til kirkelig utdanning.
- **utdanningsinstitusjonene** til å prioritere rekruttering.
 - til aktivt å delta på utdanningsmesser, være oppsøkende i ungdomsmiljø og være kreative i hvor og hvordan rekrutteringsarbeid kan skje.
 - til å gi informasjon til de som går på institusjonen, som ikke har valgt en kirkelig utdanning, gjerne i form av samtaler og samlinger.
- **fagforeninger og arbeidsgivere** til fortsatt å legge til rette for gode arbeidsforhold og god lønnspolitikk, slik at unge opplever kirken som en aktuell arbeidsplass.
- **Kirkerådet** til å være aktive i tilrettelegging av informasjon, strategier og koordinering av rekruttering til kirkelig utdanning og tjeneste.
 - til å arbeide med langsiktig strategi for rekruttering gjennom godt samarbeid med barne - og ungdomsorganisasjonene.
 - til å ta med seg saken 04/15 inn i det pågående rekrutteringsarbeidet.

UKM 05/15

Tryggleik og respekt i dialog

«Men kongen skal svara dei: 'Sanneleg, eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.'» (Matt 25, 40)

«Han svara: 'Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit.' Dette er det største og første bodet. Men det andre er like stort: 'Du skal elska nesten din som deg sjølv.' På desse to boda kviler heile lova og profetane.» (Matt 22, 37–40)

Jesus viser med eigne eksempel at relasjonane mellom Gud og oss menneske og menneske imellom er grunnlaget for all samkjensle og kjærleik. Desse relasjonane må derfor vere grunnlaget for all dialog.

Tryggleig, ærlegdom og respekt – ein føresetnad for god dialog

Vi lever i ei verd der vi stadig blir utfordra til dialog. Mange meiner at tru er ei privatsak, eller eit tabu – noko som er for heilagt, for vanskeleg eller for provoserande til at ein kan snakke om det. Det gjer at vi må trø varsamt når vi snakkar med nokon om tru. Å øve seg på å setje ord på og forsvare si eiga tru (apologetikk) er eit ledd i dette.¹ Behovet for å vere trygg på sin eigen trusidentitet er viktig når vi skal gå inn i ein dialog med andre.

Samtidig gjer hendingar i verda det nødvendig og naturleg å snakke om religion og religiøs identitet, for eksempel når vi diskuterer korleis vi skal ønskje flyktningar velkomne.

Først og fremst bør ein ha klart for seg kva ein ønskjer å oppnå i dialogen. Dialog spring ut av eit ønske om å forstå kvarandre. Slik sett er dialogen ein prosess der ein tek steget frå fordømmar til gjensidig respekt og større forståing. Den nederlandske katolske presten Henri J.M. Nouwen sa det slik: Mellom fiendtleg innstilling og gjestfridom². Ei fiendtleg innstilling botnar ofte i frykt og redsel. Dialogen kan vere ein viktig prosess på vegen mot gjestfridom.

Det er viktig å skape trygge rom for dialogen. Respekt er grunnleggjande for god dialog. Det å lytte og vere ærleg skaper tryggleik og fører til eit ønske om gjensidig respekt. Det er òg viktig å vere merksam på kroppsspråk og haldningar i dialog med andre menneske. Ei forståing av å vere i fellesskap kan verke til å opne samtalen og skape attkjenning. Å investere i ein god relasjon er ein føresetnad for dialogen.

Intern trusdialog

Det er også eigne dialogar innanfor kyrkja. Det kan vere diskusjonar om kyrkjepolitiske saker eller teologiske samtalar der ein legg vekt på ulike aspekt ved trua. Det store mangfaldet i kyrkja må klargjerast, slik at vi forstår kvarandre.

Innanfor kyrkja finst det både tru og tvil, og vi må i større grad invitere til samtale om dette. Det er ikkje alltid folk veit kva dei trur på, eller om dei trur. Dette må det spørjast etter og snakkast om i kyrkja. Vi har ikkje alltid språk for å snakke om tru. Somtid møter vi personar

¹ Det er viktig at apologetikk først og fremst blir brukt i øving og diskusjonar.

² Henri J.M. Nouwen: *Å søke en helhet*, Verbum, Oslo 2006.



som vi ikkje kjenner att trua til, sjølv om dei høyrer til i den same kyrkja. Det er viktig å øve seg på gode samtalar om tru. Dette er med på å skape tryggleik og sjølvtrillit i møte med andre.

I trusopplæringa er det viktig både å snakke om og lære om si *eiga* tru, slik at ho blir noko meir enn religionsundervisninga i skolen. For somme vil for eksempel konfirmasjonsundervisninga handle om å lære om kristen tru, fordi dei unge ikkje veit kva trua inneber. I forlenginga av tydeleg undervisning om den evangelisk-lutherske trua er det viktig at trusopplæringa gir dei unge verktøy for å kunne plassere si eiga tru i forhold til andre religionar. Det handlar om å integrere eit dialogisk perspektiv i trusopplæringa.

Intern trusdialog i kyrkja kan handle om dialogen mellom ulike retningar innanfor den same kyrkja. Desse retningane kan ha ulik teologisk vektlegging, eller dei praktiserer trua på sin eigen måte. I somme tilfelle er dei knytte til eit spesielt folk som har ein sær eigen arv, for eksempel er samisk og kvensk truspraksis og tradisjon ein levande og viktig del av Den norske kyrkja. Gjennom historia og fram til i dag har vekkingsrørsler og sosiale rørsler prega kyrkja på ulike måtar. Også i dag blir kyrkja påverka av folkereligiøsitet og det nyåndelege. Den rike arven og mangfaldet vi har i dei ulike rørslene innanfor kyrkja, er det viktig å ta vare på.

Ekstern religionsdialog

Visse former for religionsdialog er det ikkje nødvendigvis kyrkja si oppgåve å ta initiativ til. Her bør offentlege styresmakter utfordrast til å ta ansvar. I nokre tilfelle, og da spesielt når det angår samfunnet, må det offentlege gjennom kommunar og skolar ta initiativ til religionsdialog. Det kan handle om religionsdialog om konflikter som vedkjem heile samfunnet, der det offentlege kan tene som «nøytral» grunn.

I andre tilfelle er religionar sjølve medansvarlege for utfordringane og bør derfor vere aktive i dialogen for å løyse dei. Personar med ulik tru kan òg møtast på tvers av religionstilhørsle ved å ha felles sak. Dette kan handle om å kjempe for trusfridom eller verdisyn i enkeltspørsmål der ein finn meningsfellesskap på tvers av tru eller konfesjon.

«Trua er eit pant på det vi vonar, eit prov på det vi ikkje ser.» (Hebr 11,1)

Religionsdialog har ofte form som ein samtale. Som for all dialog gjeld det at han blir ført med gjensidig respekt. Her er det viktig at tru blir utveksla med ei målsetjing om å forstå og bli forstått, ikkje med eit ønske om å overtyde dialogpartnaren. Somme gonger har religionar overlappende skriftleg arv og tradisjonar. Her kan ein finne likskapar som kjem godt med i dialogen. Religionsdialog kan òg førast på andre måtar enn verbalt. Dialogen kan visast gjennom gjerningar, ved å dele og skape fellesskap, i kjærleik til menneske: *«Om eg talar med mennesketunger og engletunger, men ikkje har kjærleik, då er eg ein ljomande malm eller ei klingande bjølle.» (1 Kor 13, 1)*

Misjon og dialog

Når vi snakkar med venner med ei anna tru, er det for å lære om kva dei trur på, og dele tru, ikkje først og fremst for å misjonere. Det handlar om å få betre forståing. Somme gonger kan ein òg diskutere tru for å kjenne at ein har noko felles, finne likskapstrekk.



I målsetjinga si kan misjon somme gonger verke som det motsette av dialog. I misjonsbodet har vi fått eit kall til å gå ut i verda og gjere alle folkeslag til Jesu læresveinar (Matt 28, 16–20). Det er viktig å ikkje vere hyklersk i misjon, men ærleg på kva ein gjer. (Sjå KM-sak 07/12 «Misjon til forandring».) Diakonalt misjonsarbeid blir likevel drive vidare uavhengig av om menneske blir kristne. Sjølv om det i misjon ligg eit ønske om at menneske skal møte Jesus, er diakonale handlingar til beste for menneske eit mål i seg sjølv. Slik sett er det også for misjonsarbeid ein føresetnad at vi begynner med å byggje relasjonar. Det er eit viktig perspektiv i denne samanhengen at dialog og misjon begge djupast sett har rot i kjærleiksbodet, og slik er knytte saman.

Den norske kyrkja samarbeider med ei rekkje organisasjonar om misjon, mellom anna gjennom Samarbeidsrådet for Menighet og Misjon (SMM). Samtidig samarbeider kyrkja også med dialogorganisasjonar og er sjølv initiativtakar til fleire religionsdialogar. Det er viktig at Den norske kyrkja held fram med å arbeide med forholdet mellom misjon og dialog.

Religion og kultur

I mange kulturar er religion ein så naturleg og integrert del av kulturen at det kan vere vanskeleg å skilje mellom dei to.³ Det gjer at religionsdialog ofte i stor grad også handlar om kulturelle fellestrekk og skilnader. Kultur er med på å forme truspraksis, slik at personar med same tru kan uttrykkje dette ulikt i ulike delar av verda. Somtid kan det vere ein viss fare for at ein samtale som skulle handle om religion, endar som ein samtale om kultur. Dette er ei utfordring vi har ansvar for når vi går inn i dialogen.

Men det er òg spennande å høyre kva andre trur på, og korleis dei praktiserer trua si. Dette skjer stadig gjennom møte med venner, i skole, jobb, fritidsaktivitetar og liknande. Kjensla av fellesskap på tvers av religiøse og kulturelle grenser kan gjere det lettare å samtale om tru.

I somme bispedømme har kyrkjelege dialogsenter hatt eigne prosjekt for «UngDialog»⁴. Deltakarar i «UngDialog» har hatt positive røynslar med dette, og har også hatt høve til å reise rundt på skolar for å dele røynslene sine.

Med religionsdialog er det på mange måtar også positive utsikter til læring gjennom kulturutveksling. Dette kan vere kulturutveksling gjennom temakvelder, måltid og mattradisjonar, solidaritetsprosjekt, kultur og musikk.

Religionsfridom og menneskerettar

Det er viktig å ha klart for seg definisjonane av religionsdialog og religionsteologi. Dersom ein i religionsdialogen argumenterer med sanning, må ein vere medviten om at den andre også gjer det same. Dersom vi legg ulikt innhald i omgrepa, kompliserer det dialogen. Kyrkja må vere tydeleg på kva ho legg i omgrepa.

Vi ser òg at religionsfridom og eit religionsnøytralt samfunn ofte blir sette opp mot kvarandre i den offentlige debatten. Religionsfridom er ein menneskerett. Det er òg ein rett

³ Eit eksempel er korleis tru og religion stiller seg til kvinnesyn og kjønnsroller. Sjå f.eks. Kirkens Nødhjelps arbeid mot kjønnsbasert vald: <https://www.kirkensnodhjelp.no/gi-stotte/skriv-under-pa-opprop/vinne-over-volden/hva-er-kjønnsbasert-vold/>

⁴ UngDialog er ein organisasjon for trus- og livssynsengasjerte unge i Noreg. UngDialog blir støtta av m.a. kyrkjelege ressurscenter for dialog. Sjå: www.ungdialog.no. Kirkelig Ressurscenter har òg publisert ressursmaterieill mot antisemittisme, islamofobi og antisiganisme, som kan lastast ned her: https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2015/siervi_a4_nedlastingsformat.pdf



for barn og unge å lære å kjenne til religionen og bakgrunnen sin. Dette er viktig fordi somme treng meir hjelp enn andre til ta vare på desse rettane.

Ein av rettane som er knytte til trusfridom, er retten til å konvertere. Den norske kyrkja har vore med på å målbera denne retten tydeleg både i Noreg og internasjonalt. Samtidig må kyrkja vere tydelegare på at det finst forfølgde kristne og andre religiøse minoritetar som må vernast på grunn av trua si. Det er òg viktig å vere klar over at vern om trusfridom faktisk også gjeld oss sjølve – i den offentlege debatten i vårt eige land. (Sjå også UKM 06/12 «Trosfrihet og minoriteter».)

Stefanusalliansen (som er medlem av SMM) driv FBI-kurs for unge mellom 15 og 18 år. FBI står for Freedom of Belief International og blir støtta av Kristelig Studieforbund.⁵ Kurset bruker mellom anna materiell frå Kirkelig dialogssenter. I dag blir det drive kyrkjelege dialogssenter i Oslo, Bergen og Stavanger.⁶ Med støtte frå trusopplæringa har Kirkens Nødhjelp utvikla undervisningsopplegg for unge, og det kan brukast i dialogarbeid lokalt.⁷

UKM 2015 ønskjer å nå fleire målgrupper. Vi vil utfordre både ungdomsråd og -ting, og kyrkjelydar, bispedømme og det sentralkyrkjelege arbeidet.

UKM 2015 oppfordrar ungdomsråda til å

- jobbe med religionsdialog lokalt, m.a. ved å møtast på heimebanen til kvarandre, for dermed å få ei djupare forståing av kvarandres tru og truspraksis
- jobbe vidare med å skape lokale møteplassar for unge med ulike religionar, både i religiøs og offentleg samanheng
- samarbeide med barne- og ungdomsorganisasjonar om religionsdialog lokalt

UKM 2015 oppfordrar kyrkjelydar og bispedømme til å

- integrere dialogiske perspektiv i trusopplæringa i enda større grad
- kurse tilsette i religionsdialog, med særleg vekt på dialogisk praksis

UKM 2015 oppfordrar dei sentralkyrkjelege råda til å

- jobbe vidare med dialogisk praksis internt i kyrkja, jf. UKM 05/13 «Hvordan snakke sammen om seksualitet og teologisk uenighet i kirken»
- jobbe vidare med spørsmål knytte til trusfridom, menneskerettar og krenking av menneskerettar i samarbeid med misjons- og dialogorganisasjonar

⁵ Sjå: <http://www.fbi-kurs.no/>

⁶ Sjå: <http://www.kirkeligdialogssenter.no/>

⁷ Sjå: <https://www.kirkensnodhjelp.no/om-oss/for-kirkene/ressursbank/> og <http://www.ressursbanken.no/ressurser/fra-ord-til-handling-religionsdialog-for-ungdom-2/>



UKM 06/15 Ungdomsdiakoni

«Diakoni er kirkens omsorgstjeneste. Den er evangeliet i handling og uttrykkes gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet.»

Hva er diakoni?

Den norske kirke (Dnk) definerer diakoni til å være kirkens omsorgstjeneste. Vanligvis tenker vi at omsorg handler om å bry seg om noen, men i definisjonen til Den norske kirke er det et utvidet omsorgsbegrep som er lagt til grunn. Virksomhetsområdene strekker seg fra individuell støtte og oppfølging, veiledning og sjelesorg, til samfunnsarbeid og solidaritetsaksjoner (KM 9.1/11, s. 20). Visjonen er: Guds kjærlighet til alle mennesker og alt det skapte, virkeliggjort gjennom liv og tjeneste (Plan for diakoni 2010, s. 6).

Ungdomsdiakoni

Det er ikke bare menigheter og kristne barne- og ungdomsorganisasjoner som er opptatt av barn og unges velferd i nærmiljøet og kommunen. Kirka og dens ungdomsmiljøer kan på en tydeligere måte samarbeide med andre gode krefter som skole, helsesøstre, barnevern, politi, utekontakt, fritidsklubber og lignende:

Ved siden av det offentlige er det også andre frivillige organisasjoner som ønsker ungdom i lokalsamfunnet det beste. Også her er det muligheter for kristne ungdomsorganisasjoner og kirkens ungdomsarbeid (medregnet trosopplæringen) å finne fellesarenaer å samarbeide om.
UKM 07/07 (*Skapt i Guds bilde til å være medmennesker*)

Mange unge er slitne. Kirka kan være et hvilested, et betingelsesløst fellesskap

UKM i 2011 uttalte :

Unge møter ei rekkje krav, både frå seg sjølve og andre. Krav om å vere perfekt, frisk, vellykka, kome seg opp og fram i verda. Ein må få med seg alt, vere med overalt, helst vere viktig og meistre det sosiale spelet til kvar tid. Ein skal vere lykkeleg heile tida. Dette kan stå i skarp kontrast til ein røyndom som seier at det er vanleg at unge menneske har symptom på angst, depresjon, eteforstyrningar eller utagerande åtferd i tidsavgrensa periodar. (UKM 07/11 *Det er både fint og krevjande å leva*)

